



Arkivnr: 2017/14818-49

Saksbehandlarar: David Aasen Sandved, Roald Landøy, Erlend Hofstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.03.2018

Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i Hordaland. Fordeling 2018

Samandrag

Saka gjeld fordeling av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 – tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Midlane skal i hovudsak gå til freda bygningar og anlegg i privat eige. Freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten, samt freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, kan òg få tilskot frå denne posten.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og ta vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleveling og verdiskaping.

Tilskotsordninga skal bidra til det nasjonale målet om at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og landskap i privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Tilskotsordninga følgjer òg opp dei statlege pliktene andsynes private eigarar av freda kulturminne, jf. kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar.

Generelt:	
Tildeling frå Riksantikvaren for 2018:	12 000 000 kroner
Førehandstilsegn frå Riksantikvaren for 2019:	4 000 000 kroner
Ubrukte midlar og rentemidlar til fordeling:	531 735 kroner
Søknadsfrist:	1. november 2017
Vedtak kriteria:	Kriteria fastsett av Riksantikvaren, jf. tildelingsbrev med vedlegg
Informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Søknader 2018:	
Tal på søknader:	38 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte:	36 søknader
Samla søknadssum:	22 269 109 kroner

Økonomi: Saka gjeld fordeling av øyremerka statlege tilskot og får ingen effekt på fylkeskommunens økonomi

Klima: Saka har ingen effekt på klimaet

Folkehelse: Saka har ingen effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Saka bidreg til ei langsiktig forvalting av kulturminneressursar

Forslag til vedtak

- Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap slik:

Nr.	Søkjar	Objektnamn	Tildeling	Førehands-tilsegn 2019
1	Ludvig Korsøen (Jan-Helge Krossøy)	Sjøbu på Krossøy (ID 5)	30 000	
2	Ludvig Korsøen (Jan-Helge Krossøy)	Naust Krossøy (ID 1)	75 000	
3	Stiftelsen Espeland fangeleir	Pumpehus Espeland fangeleir	210 000	
4	Stiftelsen Fjelberg prestegard	Fjelberg prestegard, hovudhuset	100 000	150 000
5	Krigsveteranenes minne Kronstad hovedgård	Kronstad hovedgård, stallen	700 000	300 000
6	Stiftinga Fjell Festning	Fjell festning, fjellanlegget	200 000	
7	Christinegaard hovedgaard AS	Christinegård, hovudbygning	400 000	150 000
8	Christinegaard hovedgaard AS	Christinegård, hagemuren	500 000	600 000
9	Christinegaard hovedgaard AS	Christinegård, driftsbrygning	400 000	
10	Christa Haake von Erpecom	Lysekloster kapell	65 000	
11	Gerdt Meyer Bruun AS	Reperbanen Fjøsanger	500 000	750 000
12	Venelaget for slepa ml. Osa og Hallingskeid	Slepa mellom Osa og Hallingskeid	Avslag	
13	Stiftinga Hesthamar skrivargard	Hesthamar Skrivargard	200 000	
14	Eirik Øvreeide	Rekvemylna	200 000	50 000
15	Stiftinga Herand Aktiesagbrug	Herand oppgangssag	100 000	
16	Lindåsslusene c/o Ragnhild T. Langøy	Lindåsslusene, sluseplatting med skur	300 000	50 000
17	Arnt Rune Trohjell	Toskedalsstova	700 000	250 000
18	Jon Geir Høytersten	Bakeriet til Broch-huset	75 000	
19	Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	Odda Smelteverk, smia	250 000	250 000
20	Stig Fredheim	Tørrmura naust frå 1580	350 000	150 000
21	Anne-Margrete Konow Lund	Sophies Minde	280 000	
22	Anne-Margrete Konow Lund	Sophies Minde, hagen	20 000	
23	Stiftelsen Agatunet	Lensmannstova, Aga	350 000	
24	Geir Sundal	Melands/Olsa-floren, Havrå	Avslag	
25	Aslaug Jorunn Nestås	Ystāstunet, glasstove (ID 3)	67 000	
26	Aslaug Jorunn Nestås	Ystāstunet, stabbur (ID 7)	25 000	
27	Aslaug Jorunn Nestås	Ystāstunet, røykstove/mosstove (ID 5)	50 000	
28	Sandviksveien 60 og 62 AS	Mesterhuset	700 000	400 000
29	Øystein Os Simonsen for Kari Os Eskeland	Slira voktarbustad	750 000	
30	Bymuseet i Bergen	Alvøen hovedgård, hovedbygning	60 000	
31	SNU ved Karstein Bremnes	Odda Smelteverk, omn 3	700 000	900 000
32	Anders Haaland	Brødretomten	300 000	
33	EIUT AS	Slettebakken hovedgård, hovudbygn.	244 000	
34	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10, 11	130 000	
35	Helene M. Kjærland	Havrå, bruk 3	220 000	
36	Museumssenteret i Hordaland	Havrå, bruk 2, 4, 6, 8, 9	2 200 000	
37	Geir Sundal	Havrå, bruk 5, 7, 12	400 000	
38	Museumssenteret i Hordaland	Lynghesenteret på Lygra	600 000	

2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til at prosjektmidlar tildelt i 2016 vert nytta til ei forvaltingsplan for Havrå kulturmiljø, samt til kurs, fagsamlingar og mindre dokumentasjonstiltak knytt til tradisjonshandverk og byggjeskikk i Hordaland. Utvalet gjev administrasjonen fullmakt til nærmare fordeling av prosjektmidlane.
3. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordеле midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknader 2018, post 71. Omtale og grunngjeving
- 2 Tildelingsbrev frå Riksantikvaren
- 3 Vedlegg til tildelingsbrev

Fylkesrådmannen, 05.03.2018

Søknadene viser eit stort behov for istandsetting av freda hus. Nokre hovudtrekk peikar seg ut i søknadsmassen. Ei rekke av tiltaka er store istandsettingsprosjekt, der både omfanget av arbeidet og kostnadene gjer at prosjekta går over fleire år. Det er òg mange søknader som gjeld reparasjonar av tak. I søknadsmassen er det ein rimeleg balanse mellom meir avgrensa tiltak som kan ferdigstilla på eitt år, og større tiltak som går over fleire år.

Tildelinga frå Riksantikvaren til Hordaland fylkeskommune er i år særleg stor, både den ordinære tildelinga for 2018 og førehandstilsegna for 2019. Det gir rom for å innfri mange av søknadene nesten fullt ut, særleg dei mindre tiltaka. Generelt er tiltak på bygningar der tilstanden er därleg, og/eller der tiltaket vil hindra ytterlegare forfall, prioritert. Dette gjeld mellom anna søknadene om takreparasjonar. For pågående prosjekt tel god prosjektleiing og framdrift positivt. Det er viktig at dei store, fleirårige tiltaka vert ferdigstilt, og desse er derfor prioritert høgt. For å kunne planleggja langsigkt er det i første rekke desse som vert innstilt til førehandstilsegn for 2019. Elles er det søkt å fordela midlane slik at alle dei kvalifiserte søknadene får tilskot. For vidare grunngjeving for prioriteringane vert det vist til vedlegga.

Ei hovedgruppe søknader gjeld skjøtsel av kulturlandskap på Havrå kulturmiljø og Llynghesenteret. For å oppretthalda kulturminneverdiane er det her vesentleg at det vert drive skjøtsel, og med store areal vert det her trond for store tilskot. Årets tilskotsramme gir rom for ei viss auke i skjøtselsmidlane samanlikna med 2017. Det kan òg gjevast tilskot til kulturminne av kulturminne knytt til kystkultur og som ikkje er freda, men har nasjonal eller høg regional verdi. Det er kome ein søknad som er vurdert å falle inn under denne kategorien, nemleg den privateigde delen av Lindås sjøsluser.

Frå tildelinga av tilskot i 2014 og 2015 står det att mindre ubrukte tilskot, høvesvis kr 80 523 og kr 145 165. Renteinntekter for dei to siste åra vert også lagt til summen som er til fordeling. Dette utgjer for 2016 kr 137 060 og for 2017 kr 168 987. Til saman står då kr 531 735 til disposisjon frå tidlegare års tildelingar, som vert lagt til årets tildeling frå Riksantikvaren og fordelt på nytt.

Det vart i 2016 tildelt kr 700 000 i prosjektmidlar og kr 372 540 til strakstiltak, som også står unytta. Administrasjonen gjer framlegg om å nytta ein større del av prosjektmidlane til utarbeiding av ein revidert forvaltingsplan for Havrå kulturmiljø. Dette vil vera ein viktig føresetnad for ei god forvalting av Havrå. Administrasjonen ser det som svært tenleg å ha rom for å gi støtte til kurs i tradisjonshandverk, antikvarisk vedlikehald etc. for handverkarar, eigalarar og andre interesserte. Administrasjonen planlegg sjølv eit dokumentasjonsprosjekt/fagsamling om tradisjonelle takkonstruksjonar i Bergensområdet. Det vert føreslått at dette og liknande tiltak også kan støttast gjennom prosjektmidlane.

Frå 2017 har fylkeskommunane kunne nytta midlar frå statsbudsjettet post 71 til dendrokronologisk prøvetaking for fastsetting av alder på bygningar eldre enn år 1650. I fylkeskommunens budsjett for 2018 er det sett av kr 102 000 til kulturminneregistrering. Posten vert mellom anna nytta til lovpålagte oppgåver og utgifter knytt til etterreformatoriske kulturminne, planlegging og vitskapleg dokumentasjon, inkludert dendrokronologisk prøvetaking. Administrasjonen har difor ikkje sett av eigne midlar til dette frå post 71. Då det har vore ei monaleg auke i ordninga og mange av søkerarar vert innstilt på tilskot, vil administrasjonen vurdere endringar frå 2019.

Tildelinga til strakstiltak vert ståande, for å ha noko i bakhand ved akutte skadetilfelle eller andre uventa situasjonar som gjer hastetiltak på freda bygningar naudsynte.